

Referat frå styremøte 24.januar 2001.02.06

Tilstades:

Rune, Roald, Karna Lise, Reidar og Laila.

Arild kunne ikkje møte.

1. Økonomi / Kontingent/innkjøp utstyr:

Rune informerte litt om klubbens økonomi, jfr budsjett i årsmeldinga, men vi har ein del midlar og Rune har søkt Sparebanken om meir. Vi har likevel ikkje nok pengar til kjøp av ny kajakk, men styret går likevel inn for å prøve å skaffe nok pengar til innkjøp av ny havkajakk. Det vart diskutert lån frå medlemmane som ei finansieringsløysing, og Rune kjem med forslag til kontrakt og praktisk gjennomføring av dette på årsmøtet.

Det trengs òg utstyr til gjennomføring av planlagd kursaktivitet framover, bl.a våtdrakter for trening i sjø, men også anna utstyr står på ønskelista. Når det gjeld padleutstyr må medlemmane sjølv sørge for høveleg padleutstyr. Medlemmane kan ikkje basere seg på at klubben held slikt utstyr utover redningsvestar, padleårer og spruttrekk til dei havkajakkane som klubben har. Roald undersøkjer om det er muleg å få tak i brukte våtdrakter til ein rimeleg pris.

Medlemsskapskontingenent vert auka til 200kr år. I budsjettet har ein lagt opp til ca.40 betalande medlemmar pr. år.

2. Utleige av kajakker/heimeside/bassengleige

Utleigeordninga og bestilling av kajakk på heimesida har fungert därleg. Interessa for leige lån av kajakk har vore lita. Innkreving av leige av kajakker og bassengleige har vore litt tilfeldig og dette blir skjerpa inn i 2001.

3. Trening/kurs

Bassengtrening på torsdagar utgår og ein satsar på bestemte helgar og kursaktivitet. Aktivitet utover våren vil bestå i to treningsdagar for veka, ein for nybegynnalar og ein for dei med litt erfaring, samt kurs,

Sunnfjord kajakklubb er vertskap for instruktørkurs 18.og 19. februar. Påmeldingsfrist til kurset er 2.februar. Roald, Reidar, Rune og Terje Sæle, (og evt. Petter Erik) har meldt si interesse. Tanken er at desse skal kunne gi grunnopplæring til nybegynnalar i klubben. Instruktør for kurset vert betalt av padleforbundet og det kjem truleg deltakarar frå Bergen, Ålesund og Kristiansund. Kursavgift ca.350.-?? Overnatting og det praktiske rundt kurset vert ordna etterkvart. Rune har litt tankar om korleis dette kan løysast på ein praktisk og rimeleg måte.

Norges padleforbund har sendt ut invitasjon til padleseminar 24.-25.februar, ingen i styret har anledning til å delta, og styret bestemte at klubben ikkje har økonomi til å finansiere tur til Oslo for å delta på dette seminaret. Dersom nokon ønskjer dra på eige initiativ er det greit, men må koste utgiftene sjølv. Kost og losji vert dekka, og det vert reisefordeling for deltakarane.

4. Tilbakemelding til idrettskrinsen om aktiviteten i klubben:

Turbeskriving frå padleturane som vart arrangert i regi av klubben blir skrive av ein av deltakarane på turane. Frist for innlevering til Rune er 6.februar.

5. Årsmøte.

Det blir årsmøte 13.februar kl. 1900 på Elvahuset kafe.

Val: Styret stiller til gjenvalg, men må velge to nye vara.

Laila viser lysbilder frå elvepadling.

6. Elvepadling

Laila undersøkjer interessa frå andre elvepadlarar i området angåande organisering i klubben, og kva aktivitet dei ønskjer klubben skal legge opp til. Sikkerheitskurs, organiserte turar m.m

7. Klubbhus. Rune undersøkjer muligheit for klubbhus ved asfaltverket.

8. Forsikring. Kajakkane er ikkje forsikra, dette må vi gjere noko med.

9. Oftare styremøte fram mot våren, ca. 1x/månad der vi fortløpende planlegg og evaluerar aktiviteten i klubben.

10. Roald og Reidar kjem med forslag til organiserte turer for våren,sommaren og hausten
Med datoer og helger.

11. Vi må lage liste over folk som vil bli ringt til når nokon vil dra å spontane padleturer.